



## Møtereferat

**Møteleiar:** Paal Fosdal  
**Referent:** Inger Karin Slinde

**Dato**  
LEIKANGER, 03.10.2016

Ikkje offentleg  
Ofl § 14, interne dokument

**Dato:** 26.09.16  
**Tid:** Kl. 12.00-12.50  
**Stad:** Fylkeshuset, møterommet Sygna

### Deltakarar

#### Frå arbeidstakarorganisasjonane møte:

Delta og Parat v/ Guro Høyvik  
Skolenes Landsforbund v/Gry Tokvam  
Fagforbundet v/Svein Torbjørn Sandvold  
Forskerforbundet v/Sigrun Espe  
NITO v/Svein Hauge  
Norges Juristforbund v/ Ina Therese Aarnes Sørfonden  
Tekna v/Lena Søderholm  
Utdanningsforbundet v/Alf Reidar Myrstad og Hilde Kvamsås Aa  
Econa v/Audun Erik Gisle (video)

#### Forfall:

Bibliotekarforbundet v/Ingrid Dræge  
Den norske tannlegeforening v/Øystein Sivertsen  
Skuleleiarforbundet v/Sonja Svortevik Hestetun  
Naturviterne v/ Jarl Devik

#### Frå andre:

Fylkeshovudverneombodet v/Olav Vestrheim

#### Frå arbeidsgjevar møte:

Fylkesrådmann Tore Eriksen, ass. fylkesrådmann Paal Fosdal, rådgjevar Inger Karin Slinde

## Informasjons- og drøftingsmøte etter hovudavtalen del B, § 1-4-1

Tema: «Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland»

Fylkesrådmannen orienterte kort om innhaldet i intensjonsplanen og prosessen vidare fram mot handsaming i fylkestinget i desember 2016. Deretter opna fylkesrådmannen for spørsmål.

Fylkesrådmannen vil utarbeide ein plan for involvering av dei fylkeshovudtillitsvalde fram mot fylkestinget si handsaming av intensjonsplanen i desember.

Møtedeltakarane fekk intensjonsplanen distribuert i møtet.

I etterkant av dette informasjons- og drøftingsmøtet vert det allmøte i Firdasalen frå kl. 13.00, med overføring til Førde. Der vil fylkesrådmannen orientere dei tilsette i sentraladministrasjonen om «Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland».

Møtet slutt.

**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen

**Sakshandsamar:**

Inger Karin Slinde

E-post: inger.karin.slinde@sfj.no

Tlf.: 57638077

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/3228-81

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

39048/16

**Dykkar ref.**

## Referat

**Møteleiar:** Tore Eriksen**Referent:** Inger Karin Slinde**Dato**

LEIKANGER, 16.11.2016

**Ikkje offentleg****Ofl § 14, interne dokument****Dato:** 09.11.16**Tid:** Kl. 12.00-14.00**Stad:** Fylkeshuset, møterommet Sygna

### Deltakarar

**Arbeidstakarorganisasjonane:**

Utdanningsforbundet v/ Hilde Kvamsås Aa  
Delta og Parat v/Guro Høyvik - for Elin Schei Stuhaug  
Skolenes Landsforbund v/Erna Hamrum  
Forskerforbundet v/Sigrun Espe  
Skuleleiarforbundet v/Sonja S. Hestetun  
Juristforbundet v/Ina Therese Aarnes Sørfonden  
Den norsk tannlegeforeining v/Øystein Sivertsen  
Naturviterne v/Jarl Henrik Devik  
Fagforbundet v/Svein T. Sandvold - på video

**Andre:**

Fylkeshovudverneombod Olav Vestrheim.

**Arbeidsgjevar:**

Fylkesrådmann Tore Eriksen, ass. fylkesrådmann Paal Fosdal, seniorrådgjevar Ole Inge Gjerald, rådgjevar Inger Karin Slinde

### Forfall

**Meldt forfall:**

Bibliotekarforbundet v/Ingrid Dræge, Tekna v/Lena Merete Søderholm, NITO v/Svein Hauge

**Ikkje møtt:**

Econa v/Audun Erik Gisle Sunde, Norsk Lektorlag v/Aud Sissel Hestenes

## Informasjons- og drøftingsmøte etter hovudavtalen § 1-4-1

### Tema

1. «Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland» - Prosess fram mot høyringsfristen.
2. Orientering om forhandlingsutvala sin konklusjon frå forhandlingsmøtet 18.-19.08.16 om at det skal setjast ned ei arbeidsgjevarpolitisk prosjektgruppe frå rundt den 01.02.2017.

Fylkesrådmannen opna møtet med ei orientering, jf. vedlagde PowerPoint-presentasjon. Deretter gav han ordet fritt.

Utdanningsforbundet og Juristforbundet delte nokre tankar om kva dei ønskjer å leggje vekt på i høyringsfråsegna og som bør få spesiell merksemd dersom fylkestinget vedtek å slå saman Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein Vestlandsregion. Dei var spesielt opptekne av arbeids- og funksjonsfordelinga i Vestlandsregionen og fellesnemnda sine arbeidsoppgåver og fullmakter. Fellesnemnda vart framheva som ein viktig og sentral instans i det vidare arbeidet framover.

Fylkeshovudverneombodet poengterte at det er viktig å koma tidleg i gang på nyåret med å utarbeide plan for involvering av dei tilsette/tillitsvalde og ein god tidsplan for informasjon og drøfting.

Fylkesrådmannen avslutta med at dette hadde vore eit nyttig informasjons- og drøftingsmøtet, der det vart sett søkelys på problemstillingar som er viktige for partane å ta med i det vidare arbeidet.

**Etter informasjon og drøftingar einast partane om:**

Fylkeshovudtillitsvalde kjem med si høyringsfråsegn til intensjonsplanen og regionreforma innan 23. november 2016. Innkomne uttalar vert lagt ved fylkesrådmannen si tilråding og saksutgreiing til fylkesutvalet. Uttalar som vert levert til den 23. november følgjer med saka til fylkestinget.

Neste informasjons- og drøftingsmøte vert 30. november kl. 10.00 på Fylkeshuset. Fylkesrådmannen vil i dette møtet orientere dei fylkeshovudtillitsvalde om si tilråding til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen si saksutgreiing til fylkesutvalet vert drøftingsgrunnlaget for dette møtet.

Fylkeshovudtillitsvalde sine eventuelle merknader/presiseringar til fylkesrådmannen si tilråding i saka vert nedfelt i eit drøftingsreferat, som følgjer saka vidare til FU og FT.

Møtet slutt.

Vedlegg: PowerPoint-presentasjon